

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKIÑG

Emnenr. 28.

Fylke: Buskerud

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Sigdal

Emne: Drikk til maten .....

Bygdelag: Sigdal og Eggedal.

Oppskr. av: Andreas Mörch

Gard:

(adresse): Prestfoss

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. AM

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

1. Serleg etter den siste krigen har det auka på med å bruke nysila mjölk (heilmjölk). Skuma mjölk er snart ikkje å kalle drikke. Det kjem av omlegginga i produksjonen og omsettinga. För århundreskiftet vart det mest tjukk mjölk dei hadde til maten, det var handskuma mjölk som var se tjukna i balir. Så vart det vanleg med separatorar. Da vart det mest bare skuma mjölk, söt og sur, dei drakk. Dei "hadde ikkje råd" til å drikke heilmjölk, ikkje produsentane sjølve ein gong. Det vart sett på mest som luksus å drikke söt heilmjölk. Da det vart ordna levering av mjölk til meieriet utover sist på 1920-talet, vart det ikkje betre. Det var gardar der dei heldt att ei lita mugge med nysila mjölk til heile huslyden kvar dag. All den andre mjölka gjekk til meieriet. Det galdt om å komare högt opp i fôrknapsaken, å leve mest mogeleg. Det vart mykje returnmjölk. Den drakk dei. Etter siste krigen går mjölka til Drammen. Det blir returnmjölk bare ein gong i veka, eller så. Nå tar dei av så mykje meir heilmjölk, og er ikkje så redde for å ha <sup>av</sup> nok mjölk sjølve. Tjukk og sur mjölk blir det brukta mykje mindre av enn før. Ungdomen og barna vil ha söt mjölk for det meste.

2. Det vart gjerne sett fram ei skål med kald, söt eller sur, mjökk til folk som kom innom. Slik var det på gardane

2

der dei hadde heimekyr, eller dei hadde "dri mjölk" frå om våren, eller dei henta ned frå setra i kaggar. På setra var det alltid mjölk til drikke så snart ein kom innom. I tingbökene er det nemnt ~~fria~~ först på 1700-talet at det vart bydd på söt mjölk til ein som kom innom ein gard her. I slätten var det mykje "blanne" dei drakk, dei hadde med seg blannespenn utpå jordet til drikke mellom måla. Det var sur(asin) mjölk halvblanda med vatn. Saupet vart ete til grauten, så det var ikkje "tistedrekke". Vart den "drigne mjölka" for sur utpå hösten, så ~~bhanna~~ vart forsterk, hadde dei i litt sukker. (Gunhild Finnebråten, Eggedal, f.1859) "De sloopma vi drakk primbre au. Vi skov litt sureprim i vatten så're vart go færje på're. De vart krafti, så'n kunne ikkje ha så altför mikkji i. Helst va're attåt grauten vi brukta primbre, men vi drakk de au nå vi va tiste. De e ikkje i bruk hå, de e ikkje sureprim hell nå, og heller ikkje sur mjölk." (GF)

4. Spössel og skvälaram var det siste, svake ölet dei fekk ved brygginga. Det vart leskedrikk i slätten. "Te eftasværn i slätten fekk vi jamt maten ut på jore te uss. De va påsmurt mat me öl attåt. Vi satt boretter bakken og åt og drakk, drakk då skålir hell spann. Vi vart rekti hugugælne då're." (Jöran Vika f.1855, Sigdal omkr. 1875) "Brigga döm då bare framvörtere, vart de stært öl. Va'n tist, kunne'n ikkje drekke de'n örka, ellså vart'n au full." Ölbrygginga tok slutt utover i 1880-90-åra, men eg drakk heimebrygga maltöl i Eggedal i 1924. "Öl hadde vi bare ~~te~~ höktishæljine bori småstellune. Da va're maltöl så lengen han bestefar og ho bestemor levde, men da döm döe (omkr. 1885), va're slutt." (GF) "Fremmenfölk som kom innom på garane, sku ha öl å drikke för." (JV) "De va' kaf-fin som jore enne på öle." (JV, -28)

5. "Ho bestemor tente på För'n (Krödsherad) omkr. 1835,

der hadde döm kaffi bare nå're kom fremmen dit. Ho bestemor hadde aller smaka kaffi för. Så sku de kåmmå noko storti der, og 'o bestemor vart sett te å brenne kaffi. Da de binte te å rike få kaffin, vart 'o redd 'o sku brenne opp alt samma og 'o ropa på kjæringa. Men ho bare lo åt 'o. De sku rike, sa 'o. Da kaffin va koka, sku jentane au få smaka. Men ho bestemor örka ikkje å svælje'n ne. "Je ville nå mikkji heller drökki breskelåg," sa 'o. (JV)  
6.

Utover i 1860-70-åra vart det vanleg med kaffi

7. Det er kaffi til måråmaten, etter meddan og gjerne til kvelds og. Så jamt over er det kaffi tre gongar om dagen.

8. Kaffien blir hatt på kjelen med kokande vatn og får et oppkok, eller han blir hatt på kjelen med kaldt vatn og koka opp. Det er så ettersom. Kaffi blir ikkje trakta til kvardags, og sjeldan elles. Det vanlege er at dei slår på ein skvett med kaldt vatn så snart kaffien skal vera ferdigkoka, det er klarings. "Du får sjire kaffin."

( sjire- sjira, ordet blir bare bruka om kaffi nå.)

Det vart enda spådd i kaffigrut, når det var höveleg spågrut i koppen. Dei snakka om at koppen tåra når det hang som dropar på kanten. Det tydde motgang, sorg. Men det var bra med "bekkar"-gangar- i gruten. Elles er det lite å få veta om dette nå.

9. Til kaffien brukte dei frå først av topsukker som vart kjøpt i Drammen. Sia tok dei til å koke seg kaffisukker saks av farin. Dei hadde sukker ~~opp~~ til "å klykke opp" med.

Etter 1900 er det helst kjøpt raffinade.

10. Fløyte i kaffien har det vore heilt til det siste. Hadde dei ikkje fløyte, tok dei ein liten smörklatt ~~opp~~. Ost hadde dei ikkje i kaffien, men dei hadde geiteprim ~~ved~~ som dei tok bitar av attåt kaffien (i staden för sukker) i eldre tid, etter det Jöran Vika fortalte.

11. Nå er det vanleg med te, også til kvardags, men det vart drukke lite te her før århundreskiftet. Eldre folk ville nødig ha te. I teen hadde dei sukker og fløyte, nå vil dei fleste ha bare sukker. Dei laga seg te av "tegras" (*potentilla erecta*), det fortalte dei gamle i Eggedal om, men det vart bruka i Sigdal og i 1860-70-åra og seinare med.

12. Folk flest brukte ikke brennevin til kvardags som drikke eller styrkemiddel. Det vart helst ved lag og med helga. Ved ekstra arbeid vanka det brennevin, så som ved slakting, brötning, tömmermerking, så og ved handel, sjøl om det var kvardags. I onnene vart det ikke brukte ekstra brennevin.

13. Til kvardags er det mest lauskarane som kjøper seg øl, selters, brus. Dei kjøper seg gjerne <sup>a</sup>em flasker i butikken og drikker av den der. Det kan vel hende varmaste sommaren at barna får lov til å kjøpe seg brus eller vörterøl. Men folk flest lagar seg mykje saft, så det er saftdrikke til barna til kvardags. Elles hører kjøpt drikke til lag og fest. AM.